Bergarten arendalit blei først beskrevet av professor J.A.W. Bugge i 1939 som forklarar den oppstått ved regional-metasonat-iske prosesser. Holland beskreiv bergarten charnokit som i følge geolog Kauko Parras betegnar ei bergartsgruppe med det felles-trekk at den holder hypersten som kerakteristisk mineral. Det ser ut som Kauko Parras vil framheve at disse bergartane ikkje er stabile under stressforhold (dvs. i høgre nivå i fjellkjeder). Det er også naturleg da hypersten er eit antistressmineral. - - Men han bruker uttrykk som hypersten-kalifeltspat-gneis. Da gneis betegnar bergartar som er blitt prega av dei enorme stressforhold som råder i fjellkjeder, kan hans teorier umuleg vera heilt korrekt.

k) Klorit-gneis.

Denne bergart opptrer ofte mellom arendalit og pseudo-granit. I følge Bugge holder den mylonit-partier med avsetning av klorit på sprekker omkring.

Tynnslip av stuff nr. 150.

Mineralsamansetning:

Klorit, biotit, kvarts, plagioklas, erts, kalkspat, enstatitt, apatit, titanit.

4) Monoklinpyroksen-felser.

Disse bergartane har jamt over ein sers tett struktur. Ein har ikkje truffe på dei i sjølve skarnet, men enten på grensa eller inne i andesiten. Dei er karakterisert ved å holde:

Tynnslip nr. 98:

Plagioklas, monoklin pyroksen, hornblende, erts, kvarts, apatit.

Plagioklas er antipertittisk og viser tvillingstripning. Den har samansetning $Ab_{70}An_{30}$. Av monoklinpyroksen har ein sett **augite**.

Tynnslip nr. 192:

Tremolit, aktinolit, augit, biotit, plagioklas, erts, kvarts, hypersten, klorit, apatit.

Feltspaten er oligoklas. Den har ingen tvillinglameller, men den er antipertittisk. Biotit er pleokroistisk frå skitten grønn - mørk brun - nesten fargeløs gulleg. Den er altså den same som grovkrysstallinsk arendalit. I hovudtrekk har disse to slipa mykje til felles med andesit-arendalit-bergartane, og det verkar litt misvisande at dei ikkje er komne med der.

5) Hornblendeskarn av augiteskarn.

Denne bergart antar ein å ha sett i foldingene mot NW, dvs. mellom Fossegrubene og Hovudgruva. Der består den hovudsakleg av papalell orientert hornblende. Ein tenker den oppstått ved at augit er blitt utsatt for stress under metamorfoseforhold som svarer til amfibolitfacis. Augit vil da gå over i hornblende ved opptakelse av vatn. Ein har og truffe på hornblendeskarn som ikkje viser det minste teikn til forskifring. Døme: stuff nr. 59.

Bugge har brukt lys grønn farge for hornblendeskarn. Da ein holdt på med feltarbeidet, kjende ein ikkje til det, og ein har kome i skade for å bruke lys grønn farge for andre bergartar.

Hornblendeskarn er ikkje blitt skilt ut frå andesit.

6) Skapolitomv. skarn og gabroid intusiv.

a) Skapolitrandidg skarn ("granitiserings-skarn").

Dette skarn er iaktatt W f. Mortensplass. Bergartar med liknande utsjånad og samansetning har ein brukt same namn på.

Tynnslip nr. 250. ("Granitiserings-skarn")

I denne bergart er skapolit randig fordelt.



Mineralinnhald:

Augit, plagioklas, hornblende, skapolit, kvarts, epidot, klinozoisit, klorit, titanit, erts, apatit, mikroklin, kalkspat.


I titanit opptre eit radioaktivt mineral. Karakteristisk utslukningsvinkel for augit $c = 52^\circ$. Feltspaten har ein lysbrytningsindeks over for kvarts og ein under. Den karakteristisk utslukningsvinkel er 9° , har den samansetning: Oligoklas, $Ab_{73}An_{27}$. Antipertit. Ein oppfattar det meste av feltspaten som tilførd ved fleire påfølgende granitiseringer. Den siste med utskilgjing av mikroklin. Stoffen opptre i nærleiken av skarn. Det kan difor også vera avsatt uforvittret andesittsmateriale i lag saman med skarnet. Ein slik feltspat burde ha samansetning $Ab_{60}An_{40}$. Kvarts og mikroklin er truleg tilførd ved granitisering. Ein har altså inntrykk av at bergarten er eit "skarn".

Reaksjoner som ein må ha hatt i bergarten, kan ein føra opp følgende:



I) Skapolit av plagioklas:





II) Klinozoisit av plagioklas:



III) Epidot av augite (hornblende):



IV) Klorit av Pyroksen (hornblende):



Av reaksjonaneser ein at ein del kvarts i bergarta. tamme frå disse. Disse reaksjoner vil gå igjen i mesteparten dei skarn-typer som er omvandla.

I felten har ein antageleg blanda samea skapolitrandig skarn og skapolit-omv. gabroid intrusiv. Ein angir dei derfor som skapolitrandig-skarn dersom det ikkje fins tynnslip av bergarten.

B) Gabroid intrusiv. Stuff nr. 165:

Mineralinnhald:

Plagioklas, augite, skapolit, epidot, klinozoisit, klorit, erts, titanit, apatit, kalkspat.

For plagioklas har ein funne lysbrytninger over kanadabalsam. Karakteristisk utslukningsvinkel i tynnslip: $c-25,5^{\circ}$, dvs. andesin med samansetning $Ab_{53}An_{47}$. Altså den mest basiske feltspat ein har funne i bergartane hittil. Den har tvillinglameller. Kalkspat opptrer saman med klinozoisit og epidot. Kalkspat må i denne skrive seg frå tilførsel av CO_2 .

Den basiske feltspat saman med augit, kan tyde på ein gabroid intrusiv. Da ikkje nokon av prosessene på forrige side bruker kvarts, antar ein at den kvarts som er blitt frigitt under prosessen plag.-skap., er bortførd i denne bergart. Karakteristisk utslukningsvinkel for augit $c-52^{\circ}$, dvs. den same augit som i 250.

C) Augit-skapolit-epidot-klinozoisit-skarn.

Skapolitrandig-skarn:

Dette er den nest alminnelege type skapolitrandig skarn i området Klodeborg gruber.

Tynnslip nr. 261:

Mineralinnhald:

augit, skapolit, klinozoisit, epidot, kloritoide, talk, kalkspat, monazit.

Slipet er kjenisk reint for magnetit. For augit har ein funne karakteristisk utslukningsvinkel $c-48^{\circ}$. For kloritoid har ein funne $2V > 40^{\circ}$. Optisk karakter +. Karakteristisk utslukningsvinkel:


Bilde av tynnslip nr. 261.

$c-19^{\circ}$.

For talk kan ein angi: eit mineral som liknar på glimmer som ein hittil ikkje har lagt merke til i bergartane. Det har same dobbeltbrytning som monazit. For monazit kan ein angi: trodde først det var titanit, det viser for låge interferensfargar, krystallforma stemmer overeins med monazit men ikkje med titanit. For skapolit kan ein angi: det opptre kring epidot. Bergarten skiller seg ut frå dei andre skapolitbergartane ved ikkje å holde plagioklas. Bergarten er såleis eit augit-skarn.


Av reaksjoner som ein spesielt meiner må ha pågått i denne bergarten, angir ein følgende:

I) Skapolit av granat:




Tilført: albit + CO₂. Bortført: kvarts + x Kalkspat. Merk: skapoliten viser ingen ringer i aksebildet.

II) Klinozoisit av granat:




III) Epidot av granat + hedenbergit.:



IV) Augit \longrightarrow hedenbergit + CaMgSi₂O₆. CaAl₂SiO₆

V) Kloritoid + talk av poryksen:



7) Flugopitskarn.

Dette skarn har ein sett NW for Hovudgruva og i liggen av Vestre Kjennlid Jerngruve.

Bergartsslip nr. 264:

Mineralinnhald:


Augit, flugopit, tremolit, muskovit, skapolit, klinozoisit, epidot, enstasitt, talk, monazit, titanit, apatit.

Ein har ikkje kunna sjå kalkspat. Bergarten holder både titanit og monazit. For muskovit: fargeløst mineral med noko


lågare interferensfargar enn flugopit. For augit har ein funne karakteristisk utslukningsvinkel: $c-48^{\circ}$. Slipet er kjemisk reint for magnetitt.

Av reaksjoner som ein meiner kan ha foregått er:


I) Enstatit ved tilførsel av:



II) Flugopit ved tilførsel av:



III) Skapolit og tremolit ved oppspalting av augit:



(Denne likning er berre meint å ha skjematisk røyndom.)

Ein meiner spesielt at mesteparten av augit hører til den del av materialet som er avsett som sediment. Mineraler som enstatit og flugopit meiner ein skriv seg frå tilført materiale.

8) Epidot-fels.

Denne bergart opptre på same måten som mylonit-skifer. Men i tynnslip kan ein ikkje sjå noko som tyder på at oppknusning har vore med å danna bergarten. Derimot ser det utssom augit har vore labilt og det fins tett i tett med epidot og klinozoisitkimer i augit. - - - - Når ein betrakter slipet, tenker ein straks på at dersom denne omvandling hadde foregått under tilførsel av mikroklin vil dei nydanna minerala kunna bli bortført og ein kunne fått avsett mikroklin og kvarts i staden. Og dersom augit er veldig labilt medan det foregår, vil bergarten bli finkornig som arendalleptitt.--

Tynnslip av stoff nr. 275. (Ved Jordgruva såle III)

Mineralinnhald:

Epidot, klinozoisit
klorit, augite,
monazite, titanit,
apatit, kalkspat.

For monazit har
ein iaktatt:
Interferensfargar
lågare enn titanit,
tverrsnitt som
monazit.

9) Kalkbreksjene, stuff nr.: 244, 263, 38, 47, 48, 82.

Liknande bergartar er beskrevet av Bugge som oppstått ved at plastiske masser av kalkspat som har brutt inn i tidligere eksisterende bergartar. Dette må ha foregått her også. Ein har ikkje kunna finna ut om kalkspaten og skarnet har eksistert side om side som atskilte lag, eller om kalkspaten er trykket inn langveis frå. Karakteristisk opptreden for denne bergart er at den opptrer i liggen av forekomsten. At kalkspaten har vore i plastisk bevegelse etter at skarnet i liggen var ferdigdanna, kan ein sjå fleire stader i kalkbreksjene. Skarnet i prøve nr. 82 holder

granatliknende mineral. Da ein undersøkte det i pulverprep., fann ein at bergarten måtte holde spinell. Hovudmineralet i skarnet er epidot.

Kalkbreksje 40 m W for pp 33.

Kalkbreksje W for Mortensplass.

10) "Uomvandla skarn":


Disse bør ein kanskje dela i to grupper:

- I) Skarn som har fått samansetninga ved sedimentasjon.
- II) Reaksjonsskarn.

Disse grupper grip nok ein del over i kvarandre. Den første gruppa vil vera karakterisert ved at pyroksen som er augite, viser stort aluminiumsinnhold. Den vil vera å finna i horisonter som held lite malm eller om der er malm, så er den fattig på magnetit. II) Denne gruppe finn ein serleg i den horisont som held storparten av den drivverdige malm. Den er karakterisert ved stort innhold av CaCO_3 , diopsid, vesuvian og serpentin.

a) Uomv. granat-pyroksen-skarn. Dette opptrer som grensebergart til sjølve malmen. Det er då ofte eit tynt lag frå få cm til opp til 1 m vanlegvis. I liggen av Hovudgruva går tykkelsen opp til fleire meter. Der Kalkbreksjelaget - lengst mot NW - kiler ut i SW, er det ein del granat-pyroksen-skarn. Dette skarn går ofte over i vanlege typer omvandla skarn, med augit, skapölit og epidot som karakteristiske bestanddeler. Dette er serleg i øyenfallende ved Hovudgruva. Granat-pyroksskarn har ein og sett i det store anomalidraget i hengen. Mellom anna er det granat-pyroksskarn i molybdenskjerpet i Klodeborg, som visseleg er eit typisk reaksjonsskarn.

b) Vesuvian-skarn. Dette opptrer som regel i tilknytning til malmen, som lag og slirer inne i malmen eller som vesuvian-felser med magnetit. I fast fjell har ein i dagen berre funne vesuvian-skarn ved Hovudgruva, men i gruva er det ein nokså alminneleg bergart. Såleis består dei berønte gråbergkilene for ein stor del av vesuvian. Dette tenker eg meg som eit reaksjonsprodukt som er blitt danna samtidig med malmen. Under pseudo-granitisinga og arendalitisinga tenker ein seg tilført magnesium, jern og kvarts som i likning kan uttrykkast slik:



c) I malmen fann ein og reint diopsid skarn nesten uten magnetit. Sjølve malmen er ofte diopsid-randig. Det ser nesten ut som MgO tilførselen har kome først og at tilførsel av Fe_3O_4 har kome senare og har fortrent CaCO_3 .

Lengst mot NØ på såle III, mens eg var der, kunne ein sjå bruddstykker av reint skarn i malmen. Det har difor først blitt danna diopsidskarn

som i foldingene mot NØ er blitt brutt i stykker siden. Hulrumma er blitt fyllt med malm. Det ser difor ut som om diopsidgehalten stammar frå omforminga av andesit til enderbit og arendalit og at magnetitgehalten stammar frå pseudo-granitiseringa. Det er vel vert å merka seg at den lyse-pseudogranit holder mest magnetit, mens den røde pseudogranit har lågare gehalt av jern. Den rikaste malmen som hittil er blitt brutt i Klodeborg, er og blitt brutt nær kontakten mellom malmen og pseudograniten mot NØ.

Tynnslip nr. 71. Diopsid-malm (fattig malm): Mineralinnhald:

Diopsid, CaCO_3 ,
 Fe_3O_4 , klinoklor,
vesuvian.

Klinoklor opptrer i store krystaller, plateformige og med grå interferensfargar. Det slukker nesten parallelt,

c- 5° .

Da ein leitte etter apatit fant ein "isotrop" mineral i kalkspat som må vera vesuvian. Mineralet ser ut til å vera optisk toaksa.

11) Serpentinmalm og kalk.

For gruva framgår det av karti kor ein har funne dette. Det opptrer oftast som eit 0,5 m tjukt lag langs hengen. I dagen har ein funne det i ligg-kontakten til forekomsten ved dynamithuset. Det at ein også har sett det langs liggen, viser at dette er ikkje generell regel. Ein tenkjer seg serpentin danna som eit omvandlingsprodukt av magnesiarike mineraler som tidligere er danna av MgO frigjort under enderbitiseringa av andesit.

Tynnslip nr. 76. Serpentin-malm: Mineralinnhald:

Kalkspat, magnetit,
serpentin, diopsid,
spinnel, olivin,
enstatitt.

Bergarten er uvanleg rik på kalkspat. Serpentin opptrer som omv.-produkt kring olivin og enstatitt. Av serpentin har ein funne: Krysotil og Iddingsit.

Spinnelen har ein funne er pleonast med ein kjerne av picotit som har lågare lysbrytning.

12) Skjøl-kalk.

Denne bergart opptrer langs liggen av forekomsten SW over frå forkastninga. Ein oppfattar den som fortrengt kalk frå malmdannelsen, som er blitt avsett langs ein skjøl. Av bergartsslip kan ein og sjå at det er ein skjøl.

Tynnslip nr. 53: Skjøl-kalk.

Mineralinnhald:

CaCO_3 , magnetit, serpentin.

Av serpentin har ein funne krysotil og antigorite.

13) Pseudo-graniter:

Disse bergartane oppfattar ein som dannet av tyntflytende magma som har blitt trykkt inn i andesit og "granitiske-gneiser", og at ein har hatt enderbit som mellomprodukt. Det er ofte vanskeleg å bestemme grensa mellom pseudo-granit og enderbit, men ein kan vera toleg sikker på at ikkje noko av det som er innteikna som pseudo-granit, er enderbit.

Magmate tenker ein seg må ha hatt vanleg differentiasjonskvarts-diorit-samansetning. Pseudo-granit holder vanlegvis så lite mikroklin at der ein fann det, må ein nærmast karakterisera det som spor av mikroklin. Dette forklarar ein ved at mikroklin har blitt fråfiltrert i dei bergartane som kvarts-diorit-magmaet har blitt gjennompressa. Dypere ned skulle ein difor rekna med å finna kjerner av granodiorit.

Denne inntrengning av kvartsdioritmagma, må ha foregått etter at den store folding i den nordlege del av området var over. At bergarten enkelte stader har svak gneiskarakter, oppfattar ein som oppstått ved etterbevegelser. Ein har og vore inne på at den kaledonske fjellkjede skulle ha bevirka dette, men finn at påvirkninga frå den kaledonske fjellkjede må ha vore ubetydeleg.

a) Pseudogranitisert andesit.

Denne bergarten representerar eit større område i NØ. Så vidt ein kunne sjå av borkjerner som oppbevares ved gruva er den også alminneleg på større dyp lenger S. Denne granitisering må ha foregått i amfibolitfasis slik at hornblende har vore stabil under omvandlinga.

Tynnslip nr. 270:

Mineralinnhald:

Hornblende, tremolit-aktinolit, symplelittisk kvarts på grensa mellom tremolit og biotit, kvarts, plagioklas, biotit, erts, apatit, klorit.

Titanit har ein ikkje kunna finna. Bergarten har forholdsvis stort innhald av magnetit. Plagioklas har ein funne er oligoklas.

b) Pseudogranit.

Denne bergart kan ha utseende som granit, men den har ofte trondhjemitisk utseende, holder imidlertid ikkje kalifeltfeltspat, så vanleg trondhemit er det ikkje. Den har som oftest like stor klarstehalt som granit. Etter nøyaktige bestemmelse som

professor Bugge har utført, er feltspaten $Ab_{86}An_{14}$. Den har vanlegvis syltynne tvillinglameller.

Tynnslip nr. 205: Lys pseudogranit.
Mineralinnhald:

Kvarts, oligoklas, antipertit, muskovit, biotit, magnetit, apatit, kalkspat, titanit, hæmatit. -- Pseudogranit med trondhjemit-utseende.

Tynnslip nr. 212: Pseudogranit med dioritutseende.
Mineralinnhald:

Kvarts, oligoklas, magnetit, titanit, apatit, biotit, talk(muskovit?), muskovit, epidot, klorit, monoklin, pyroksen, mikroklin, hæmatit.

Talk likner fullstendig på muskovit, men da det opptreer i sverulitvifte, antar ein det er talk. Pyroksen er omgitt av ei kelyphitisk randsone og er jamt over omvandla til ein ubestemmelig grums.

Tynnslip nr. 265: Pseudogranit med trondhjemit-utseende.
Mineralinnhald:

Kvarts, oligoklas, muskovit, klorit, apatit, magnetit, epidot, hæmatit, mikroklin, limonit.

(Hæmatit og limonit har eg ikkje bestemt sjølv.) Kvartsen er tydeleg pressa. Det betyr at foldningene var ikkje avslutta før bergarten var ferdigdanna.

Tynnslip nr. 247:

Kvarts, oligoklas, klinozoisit, muskovit, apatit.

Denne prøven er lite pressa.

Tynnslip nr. 200: Rød pseudogranit:

Denne prøven holder ein feltspat med veldig tynne tvillinglameller. Den holder helst lite mørke mineraler.

Mineralinnhald:

Kvarts, oligoklas, muskovit, flugopit, biotit, antipertit, tremolit, erts, apatit, mikroklin.

Prosentvis har mikroklin liten betydning for samansetninga av bergarten. Det er difor ingen vanleg differentiasjon, kvartsdiorit eller granodiorit.

- - - - -

For å kontrollere at ein ikkje har noko større mikroklingehalt

andre stader, har ein tatt pulverpreparat av stoff nr. 180, 260, 203, 218. Dei fører ikkje vestenleg mikroklin. Feltspaten i stoff nr. 180 viser seg å vera $Ab_{86}An_{14}$. Gehalten av hæmatit i pseudogranitene skyldes at dei for ein stor del har blitt til i amfibolitfacies. Limonit er eit heilt sekundært danna mineral.

c) Injeksjonsgneiser.

Ein del av det ein har teikna inn som "granitiske gneiser", er injeksjonsgneis. Såleis er det ein del av det vest for og SW for Mortensplass - forekomsten. Betegnelsen granitiske gneiser brukte eg i felten og har ikkje vilja forandra det. Det består for ein stor del av kvarts, plagioklas og glimmer, og har såleis ikkje granitisk samansetning. Eg har ikkje vilja forandre på dette sekkenamnet, da eg ikkje har undersøkt om det er gneiser med granitisk samansetning ilag med.

Ved det nye heishuset er det skutt ut injeksjonsgneis som eg har tolka som injeksjon frå Arendal-leptiten like ved. Det er difor truleg at denne gneis holder mikroklin.

d) Adamelit fremkommet ved granitisering av andesit.

Denne bergart har ein ved prøve 267. Prøven blei egentleg tatt som prototyp for bergartar med liknande utsjånad som 270.

Den viste imidlertid å vera ein heilt annan bergart, da hornblende har vore ustabil under granitiseringa og har danna hypersten. Det viste seg også at den holdt om lag like mykje mikroklin som plagioklas.

Tynnslip nr. 267: Adamelit

Mineralinnhaldet:

Kvarts, mikroklin, pertit, oligoklas, hypersten, hornblende, biotit, erts, titanit, apatit.

Hornblende holder poikelitoblasisk kvarts og har holdt på å bli fortrengt av kvarts. Dette er eit eksempel på dei illustrasjonane Eskola har teikna opp for fortrenningsreaksjoner i Die Entstehung der Gesteine.

e) Påviste graniter.

Bergartar som ein har tolka som vanlege graniter, har ein berre påtruffe tre stader i området. Nemleg ved Rønningen, øst for Jordgruva og NW for Fossegrovane. Ved Rønningen går graniten over i arendal-leptit når den kiler ut mot NØ. Mikroclin er påvist i stoff nr. 133. For graniten øst for Jordgruva har ein påvist mikroclin i stoff nr. 248. NW for Fossegrovane har graniten liknande karakter som pseudo-graniten. Ein tolkar dette som oppstått ved at den er yngre enn disse og det framtrengande magma på det tidspunkt er blitt rikere på mikroclin enn pseudo-granitene.

Tynnslip nr. 269: Granit.

Mineralinnhald:

Mikroclin, kvarts,
pertit, plagioklas,
erts, monoklin
pyroksen, apatit,
antipertit.

Pyroksen er omgitt
av kelyphitisk
randsone.

Saman med mikroclin
opptrer symplekitt-
sammenvoksninger,
ein har ikkje
forsøkt å finna ut
kva det er.

Symplekitten har
nesten skrift-
granitutseende
enkelte stader,

og det er sammenvoksninger mellom kvarts og mikroclin eller at det er mikroclin som ser slik ut. ---- I forbindelse med denne prøven, ville ein i felten ta ein prøve som døme på lys granit ca. 40 m rett S for stoff nr. 269, men den blei ikkje tatt da den hadde om lag same utsjånad som 269. Ein har imidlertid teikna den inn som rød pseudo-granit, da ein har mistanke om at den ikkje holder mikroclin av betydning.

14) Arendal-leptitt:

Betegnelsen leptitt er brukt av fleire anerkjente geologer i arendal-feltet. I felten fann ein leptitliknande bergartar, og ein brukte namnet leptit på dei. Ein fekk det inntrykket i marka at det har dreier seg om bergartar som er blitt danna ved at magmatiske oppløsninger har trengt inn i bruddsoner etter foldingene. Ein vil altså påstå at bergartane får denne dannelsen og etter pseudo-granitdannelsen har blitt heva til eit nivå der bergartane har gått over frå å vera plastiske til å bli uelastiske. Bergartane som eg har betegna som arendal-leptit opptrer stjernt om stjernt. Enkelte vil kanskje innvenda at bergartane ikkje ville få ein slik utsjånad ved ein fortrenningsprosess. For meg synes det heilt naturleg. I skjersonene vil korn som feltspat og kvarts

sprekke opp og ein vil få ein masse hjørner der utkrystallisasjonen og fortrengninga har kunna starta frå. Forholdet vil bli som når ein granit-applit størkner. Ein antar også at ein under fortrengningsprosessene har hatt bevegelse som har verka til å gjera den nye bergart enno meir "sukkerkornig". Det at leptitgangane alltid opptrer konkordant med malmsona og i nærleiken av denne, oppfattar ein for det første betinga av:

Bruddstykker av rød leptit i lys leptit som inneslutning i skarn i liggen av Store Høgåsen Grube.

Ein har hatt glidninger langs

denne sone, slik at bergartane ved sida av som ikkje har tolt skjerspenninger har sprukket opp. Disse sprekker har ordna seg etter prinsippet "Stjert om stjert". Sjelve malmen holder kalkspat. Denne ville enno oppføre seg plastisk, slik at dei andre mineraler ikkje har sprukket opp og gitt grunnlag for utfeldning på hjørner og kantar av oppknuste korn. Denne regel har ikkje vore heilt generell. Dessutan vil magmatiske væsker ha tendens til å fylgja laga som ein kan sjå så i hornblende-arendalit-båndgneisene. Det skulle ikkje vera tvil om at bergartane er oppstått ved magmatiske fortrengninger i bruddsoner. Ein vil derfor gå over til å beskrive stoffene.

A) Arendal-leptit med oppbevart lagdeling:

Tynnslip nr. 124. Mineralinnhald:

Mikroklin, kvarts, pertit, epidot, hornblende, biotit, titanit, klorit, erts.

Økne av titanitkorna har litt uvanlege interferensfargar.

B) Arendal-leptit med applitstruktur

Ein har slått prøve nr. 257 som representativ. Denne stoff holder årer med grovere granit.

Mineralinnhald:

Mikroklin, kvarts, klorit, flugopit, erts, titanit, apatit.

15) Bergartar beslekta med arendalleptit:

a) Mikroklin-hornblende-biotit-bergart. Stuff nr. 87.

Denne bergart opptreer i forlengelsen av ein arendal-leptit-gang. Ein har ikkje kunna avgjøre om mikroklin har kome inn som magmatisk væske eller om den senere er lutet ut av arendal-leptiten like ved.

b) Mikroklin-augit-skarn.

For denne bergart vil ein hevde at mikroklin er tilført av magmatisk væske.

Tynnslip nr. 83:

Mineralinnhald:

Mikroklin, augit, pertit, flugopit, titanit, kalkspat, klinozoisit, serisit, apatit.

For den monokline pyroksen har ein funne karakteristisk utslukningsvinkel i tynnslip $c \approx 48^\circ$. Det er altså augit. Den er pleokroistisk.

c) Mikroklin-skapolit-granat-augit-skarn. Stuff nr. 266.

Mineralinnhald i tynnslip nr. 266:

Granat, epidot, augit, mikroklin, skapolit, kalkspat, klinozoisit, antigorit, klorit, titanit, (iddingsit?).

16) Pegmatiter.

A) Kvarts.

Disse bergartane rekna ein med var så godt undersøkt at ein ikkje ville ofra noko tid på dei. Reint generellt kan ein seie at dei har eit fall på jammem ca. 10° i nordleg retning. Ein finn ofte ein kjerne av kvarts med andre pegmatitbestanddeler langs grenseflatene som skriftgranit, feltspat, glimmer. Innanfor området er det så vidt ein kunne sjå, berre kvarts som opptreer i brytbare størrelser. Pegmatit-gangene går ofte over i granitpegmatit.

Pegmatit-gang frå Klodeborg. "Hengebergart": metamorf andesit.

b) Turmalin, apatit.

Ein la spesielt merke til at turmalin var eit alminneleg mineral på pegmatitgangar i pseudogranit på vestsida av Skarvedalen. Elles har ein sett mineralet mange andre stader som for eksempel i spisebua på såle II i gruva.

Apatit har ein sett på pegmatit-gang i same området som turmalin. Elles har ein sett det på pegmatitgang vest for den gjennomskjærande pseudogranit (granit?) i liggen av malmdraget.

c) MoS_2 , Cu-mineraler.

Av disse er Cu-mineraler som CuFeS_2 og malmkitt mest alminneleg, men det er også (tidligere) funne Cu_2S .

MoS_2 har ein sett to stader. Ein har sett det i diamantborehull nr. 4. I "molybden-skjerpet" i Klodeborg er sidebergarten granat-pyroksen-skarn. Ein meiner også at det kan vera muleg at prøve 225 holder molybden. (Det bør ein kanskje få påvist.) Ertsmineralet som ein meiner kan vera MoS_2 , er så finkornig at ein ikkje har kunna bestemme det med det blotte øye.

Magnetiske anomalier, osv.

1) Malmene mot NW.

Av disse har ein berre sett malm i Fossegruvene. Ein gjekk ein dag lenger mot NW, men større anomalier enn 7000 γ råka ein ikkje på. Det vil her vera naturleg at ein undersøker dette grundigere, og at ein da detaljkartlegger geologien først med støtte i magnetometriske orienterende målinger.

For Fossegruvene har ein tenkt seg at dei kan vera knytta til eit kalkrikt skarn, parallellt med sjølve malmdraget og i liggen av det. Ein har og vore inne på at det er ein skålformig neddykning

av hovudmalmdraget. Ein har funne ut med magnetometer at nivået for hovudmalmen går lenger mot NØ enn den nordligste av Fossegruvemalmene. I tilfelle det er det, vil ein kanskje kunna påvise samanheng i dypet. - - - Dersom ein ikkje hugsar feil har ein her målt anomalier på 50 000%. Det første ein må gjøre her er derfor å få lagd magnetometerkart av denne del av området.

2) Gruva:

Det første ein bør gjøre er å skaffe bedre oppredningsverk, så ein også kan bryte malmer med innhald av magnetisk jern lågare enn 32%, og at det kvante jernmalm som ein årleg køyrer ut på vegane i distriktet, blir redusert.

Ein bør også diamantbore noko meir i sidebergartane. Ein la merke til at ein var oppmerksam på at hovudgruvemalmen befant seg inne i hengen for den delen som ligg NØ for Jordgruva. Men ein gjorde ikkje noko for å få kartlagt malmen. Etter at nygruvemalmen er utdrevet, vil hovudgruvemalmen vera utilgjengeleg og ein gjør difor rettast i å føge med kor stor magnetitgehalt den har nedover.

Som moment for undersøkelser SW - over, kan ein nemna at malmene har vorte rikare di lenger ein har kome nedover, og at ein i gruva har slutta av med forholdsvis rik malm i stoffen. Det ville kanskje vera praktisk å undersøke mulighetene SW-over før det blir naturleg å begynne å drive der. Nå er det naturleg at ein konsentrerer drifta mot NØ, derved vil ein drive mest rasjonelt.

Elles har ein teikna inn på karti over sålane i gruva kor ein meiner det er mulegheit for å finne malm.

3) Vest for Kjennlivatnet.

Ein la merke til reint generellt for området at i folder og ombøyninger av skarndrag, var det som oftast malm. Dette gjorde at ein tvila på ein reint sedimentær anrikning på malm. Og ein begynte å lure på om ikkje dei teoriene som tidligere var framsatt av professor Bugge, var rette. Dette er ein ikkje i stand til å føre bevis for, da ein ikkje har noko kjennskap til korleis malmene opptre i resten av Arendal-feltet.

Ein vil bare peike på at ein har ein magnetometrisk anomali i same drag som "Boije-gruvene", lenger SW som ikkje kan forklarast på annan måte enn at det ligg skjult ein malm under dagen der. i følge dagbok II er denne anomali av størrelseorden $8 \frac{1}{4}$ delestrek på det magnetometer eg brukte. Det skulle tilsvare 25 000% eller meir. Når det ikkje er forbindelse med dagen og nedover, er vel det eit heller stort felt, men det er også av betydning kor dypt malmen ligg.

Denne malm tenker eg meg har genetisk samanheng med pseudo-graniten i W. Ein tenkjer seg eit viskøst magma eller vandige oppløsninger har trengt oppover med ein front av MgO og (FeO + Fe, O₂) i oppløsninger foran seg. Disse bestanddeler tenker ein skriv seg frå ustabil hornblende (augit ?) i andesiten som